

Openheitslova

Åsen & Øvrelid

Rapporteringsdato: Januar 2025

Rapporten gjelder for: Rekneskapsåret 2024.

Innhald

1.	Innleiing	2
	Openheitslova	2
2.	Organisasjon og ansvar	3
	Organisasjon	3
	Forankring av ansvar	3
3.	Aktsemdsvurdering	4
	Metodikk for Risikovurdering:	4
	Tiltak	5
	Resultat for 2024	5
	Styret i Åsen & Øvrelid sine selskap	6

1. Innleiing

Åsen & Øvrelid As er eit av dei største entreprenørselskapa på Nordvestlandet. Vi har hovudkontor i Førde og dotterselskap **Åsen & Øvrelid Nordvest AS** i Ålesund og **Åsen & Øvrelid Røberg AS** i Molde. Vi tel om lag 220 tilsette og marknaden er heile Nordvestlandet.

Vi har som mål å vere blant dei aller beste i vår bransje både på kvalitet, lønnsemd, berekraft og digitalisering.

Åsen & Øvrelid har ein organisasjon som er spissa mot utvikling og produksjon av bygg, og utfører med eigne tilsette:

- Tømrararbeid
- Innreiingsarbeid
- Betong-, flis og murarbeid
- Gartnararbeid
- Grunnarbeid
- Prosjektleiing og byggeplassleiing

Vår evne til fleksibilitet og nytenking gjer oss til ei aktiv entreprenørverksemd i kontinuerleg utvikling, og vi har gjennom åra opparbeidd oss ein sentral posisjon i byggemarknaden. Firmaet ønskjer å halde på denne posisjonen og må difor vere budd på stadig nye utfordringar både frå byggherre, marknaden og styresmakter si side. Vi har eit jamt og sterkt fokus på HMS og kvalitetsarbeid i verksemda.

Åsen & Øvrelid as er oppteken av å ta vårt samfunnsansvar i korteis vår verksemd påverkar menneske, miljø, og samfunnet rundt oss, der vi ynskjer å opptre som ein ansvarleg samfunnsaktør.

Openheitslova

Åsen & Øvrelid as fell under Openheitslova sine retningslinjer. Vi arbeider for å gjere berekraftige innkjøp av varer og tenester tilknytt vår drift. Vi ynskjer å samarbeide med leverandørar som tar samfunnsansvar, miljø- og sosiale omsyn i si verdikjede.

Rapporten gjeld for rekneskapsåret 2024.

2. Organisasjon og ansvar

Organisasjon

Åsen & Øvrelid si kjerneverksemd er utvikling og utføring av alle typar byggeprosjekt, i både total- og hovudentreprisar.

Åsen & Øvrelid hadde i 2024 til saman 3 driftsselskap og 1 utviklingsselskap, som samla hadde ei omsetning på om lag 780 mill NOK, og 185 årsverk med eigne tilsette.

Alle entreprenørselskapa og utviklingsselskapet er underlagt openheitslova. Rapporten gjeld for ale følgjande selskap:

- Åsen & Øvrelid as (976 742 117)
- Åsen & Øvrelid Nordvest as (923 471 499)
- Åsen & Øvrelid Røberg as (926 017 268)
- Å&U Utvikling (995 142 392)

Forankring av ansvar

Åsen & Øvrelid anerkjenner sitt ansvar knytt til å ivareta og respektere grunnleggande menneskerettigheitar og rett om anstendige arbeidsforhold. Dette er forankra i selskapet retningslinjer i strategidokumentet.

Det er styret, ved dagleg leiar for respektivt selskap, som har det overordna ansvaret for å følge selskapet si etterlevering av openheitslova.

Arbeidet med openheitslova kan likevel utførast av andre med kompetanse og kapasitet til å utføre arbeidet.

3. Aktsemdsvurdering

Åsen & Øvreid utfører aktsemdsvurderinga gjennom ei risikovurdering av våre leverandørar, forretningsparatar, og samarbeidspartar.

Risikoanalysen er utarbeida på ein slik måte at vi skal bli i stand til å vurdere om selskapet har ibuande risiko rundt seg knytt til brot på menneskerettigheitar og anstendige arbeidsforhold.


Gjennom risikovurderinga får kvart enkelt selskap ei skåring, som igjen seier noko om risikoen for at der skjer brot på menneskerettigheitar og anstendige arbeidsforhold i deira verdikjede.

Risikovurderinga er bygd opp med eit halvautomatisk del (punkt 1-7), og ein manuell vurdering (punkt 8-9). Dette gjer vi for å forenkle vårt arbeid, samtidig som vi er merksame på at ved automatisk vurdering vil vi kunne gleppe på eventuelle funn.

Metodikk for Risikovurdering:

Følgjande metodikk vert brukt til risikovurdering av selskap nytta av Åsen & Øvreid:

- 1. Lokale lover**
Vi vurdere kva område (land) selskapet operer i, og kva lokalt regelverk dei må innrette seg etter.
- 2. Kjent landrisiko**
Vi vurdere om landet selskapet opererer i generelt har brot på rettigheter.
- 3. Relasjon**
Åsen & Øvreid as sin relasjon til det vurderte selskapet blir poengsett.
- 4. Kontraktsbestemmelsar**
Jo meir formalisert avtale Åsen & Øvreid as har med selskapet, jo mindre er risikoen.
- 5. Risikoeksponering**
Det risikovurderte selskapet sin omsetning hos Åsen & Øvreid blir poengsett
- 6. Moglegheit for reell påverknadskraft**
Åsen & Øvreids reelle påverknadskraft på det vurderte selskapet vert poengsett slik.
- 7. Skåringtabell**
Ut i frå risikovurderinga i punkt 1 – 6 får selskapet ein poengskår etter følgjande tabell:



Skåring tabell:
8-16 Poeng: Låg ibuande risiko for menneskerettighetsbrot i verdikjeda til det vurderte selskapet.
17-23 Poeng: Middels ibuande risiko for menneskerettighetsbrot i verdikjeda til det vurderte selskapet.
Dersom eit selskap hamnar på dette poengintervallet skal det utførast tiltak jf. Aksjons- og tiltaksplanen.
24-30 Poeng: Høg ibuande risiko for menneskerettighetsbrot i verdikjeda til det vurderte selskapet.
Dersom eit selskap hamnar på dette poengintervallet skal det utførast tiltak jf. Aksjons- og tiltaksplanen.

- 8. Andre opplysningar**
Dersom Åsen & Øvreid as har andre opplysningar knytt til menneskerettighetsbrot om selskapet som IKKJE kjem fram av punkt 1-7 over så skal dette definerast her.
- 9. Vurdering**
Her skal ein kort gjere greie for om ein trur at alt er i orden i selskapet, eller om her mistanke om, eller risiko for brot på menneskerettigheitar.
- 10. Risikoprofil**
Basert på Resultatskåren i punkt 7 + Andre opplysningar + Vurdering skal ein slutføre risikovurderinga, som skal ende på **Låg**, **Middels**- eller **Høg**- risiko for brot på menneskerettighetsbrot i verdikjeda til det vurderte selskapet.
Dersom poengskåren i punkt 7 er mellom 17-30 poeng skal **leverandøren uansett opplysningar i «andre opplysningar» og «Vurdering» risikovurderast som middels eller høg.**

Tiltak

Dersom vi i risikovurdering punkt 7 (Skåringtabellen), får resultat som tilseier **Middels-** eller **høg** risiko, og/eller der er element under punkt 8 og 9 som slår inn, så skal det utførast tiltak mot det gjeldande selskapet, i samband med Åsen & Øvrelids «Aksjonsplan og tiltaksplan».

Resultat for 2024

For regneskapsåret 2024 har Åsen & Øvrelid har vi brukt PwC som rådgivar, for å få hjelp til å for å utvikle og forbetre vårt arbeid med Openheitslova. Dette har medført endring i metodikk, og struktur i forhold til tidlegare år. Denne omlegginga gjer at kvaliteten på arbeidet er forbetra samanlikna med tidlegare år.

Åsen & Øvrelid as si risikovurdering tar utgangspunkt i leverandørar som har hatt omsetnad hos oss, og historisk har Åsen & Øvrelid heile 2 584 registrerte leverandørar/samarbeidspartar.

Gjennom risikovurderinga punkt 1-7, er det ingen av desse som slår ut på **Middels-** eller **høg-**risiko for brot på menneskerettigheitsbrot i verdikjeda til det vurderte selskapet.

For å ha kapasitet til å utføre manuell vurdering av leverandørane i punkt 8 og punkt 9 i risikovurderinga har vi måtte gjere følgjande sortering av lista:








- Leverandør må ha hatt omsetnad hos Åsen & Øvrelid i løpet av dei siste 2 åra.
- Leverandør må ha hatt ei omsetnad hos Åsen & Øvrelid på minimum. 1 000 000 kr.

Vi sit då att med 194 leverandørar/samarbeidspartar.

Etter manuell vurdering, har vi ikkje funne ibuande risiko for at det skjer brot på menneskerettigheitar i verdikjeda til det vurderte selskapet.

For 2025 skal vi utføre kontroll og risikovurderingar i andre ledd, hos dei største av leverandørane.

Styret i Åsen & Øvrelid sine selskap

 Finn Ove Øen Dagleg leiar Åsen & Øvrelid as	 Tor Laxaa Dagleg leiar Åsen & Øvrelid Nordvest as	 Finn Ove Øen Dagleg leiar Åsen & Øvrelid Røberg as	 Vegard Strand Dagleg leiar Å&Ø Utvikling as
 Leif Arne Åsen Styreleiar Åsen & Øvrelid as	 Finn Ove Styreleiar Åsen & Øvrelid Nordvest as	 Finn Ove Øen Styreleiar Åsen & Øvrelid Røberg as	 Finn Ove Øen Styreleiar Å&Ø Utvikling as
 Stig Sunde Styremedlem Åsen & Øvrelid as	 Marianne Styremedlem Åsen & Øvrelid Nordvest as	 Leif Arne Åsen Styremedlem Åsen & Øvrelid Røberg as	 Leif Arne Åsen Styremedlem Å&Ø Utvikling as
 Marianne Skrede Styremedlem Åsen & Øvrelid as	 Sølve Grimstad Styremedlem Åsen & Øvrelid Nordvest as	 Marianne Skrede Styremedlem Åsen & Øvrelid Røberg as	 Marianne Skrede Styremedlem Å&Ø Utvikling as
 Tom Årdal Styremedlem Åsen & Øvrelid as			
 Nils K Johnsrud Styremedlem Åsen & Øvrelid as			